



Harald Kaspar Mellingen
Radøyvegen 2735
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7780 - 22/77133

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2022

Orientering om vidare framgang i delingssak - gbnr 424/13 Bø

Tiltak: Oppretting av 6 nye grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr 424/13
Tiltakshavar: Harald Kaspar Mellingen

Syner til dykkar henvending på telefon med spørsmål om vidare framgang i delingssak for 6 hyttetomter.

Politisk vedtak i utval for Areal, Plan og Miljø (APM) i sak 086/22 datert 15.06.2022 oppheva det administrative vedtaket som var gjort i saka. Videre gav utvalet ei positiv innstilling om dispensasjon frå både plankravet og arealformålet samt løyve til deling når dispensasjonane er avklara.

Det som manglar før saka kan sendast til oppmåling:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå arealplanformålet i kommunedelplan for Radøy. Det må sendast inn grunngjeven søknad om dispensasjon frå arealplanformålet. Søknad om dispensasjon må nabovarlas i samsvar med regelverket.
2. Det må utarbeidast ny situasjonsplan der grensene for parsellane følgjer byggegrense mot sjø.
3. Det må søkjast om løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg for dei nye grunneigedomane. Gjeldande løyve til avkøyrsløse føl gbnr 424/13. Søknaden vert å senda inn på Statens Vegvesen si nettside. Søknaden vert ruta til kommunen ved vegavdelinga, som vil handsame søknaden. Informasjon om avkøyrsløse frå kommunal veg finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Avkøyrsløse frå kommunal veg](#)
4. Private erklæringar om vegrett, rett til vass- og avløpsleidningar over gbnr 424/13 skal liggja føre. Desse vert eventuelt å tinglysa av landmålar i samband med fullføring av oppmålingsforretningane. Felt for nytt bruksnummer kan setjast ope for seinare utfylling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla. Det vert ikkje sett nokon frist for innsending av tilleggsinformasjonen. Men det vert ikkje gjort noko meir med saka frå kommune si side før dette er på plass. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan rimeleg tid vert saka avslutta frå kommunen si side.

Til orientering kan det opplysast om at innstillinga frå APM gjeld i 3 år (på lik line som eit vedtak om dispensasjon).

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

Valestrandsfossen

Mottakarar:

Harald Kaspar Mellingen

Radøyvegen 2735

5937

BØVÅGEN